

Evaluering etter julesamlingar.

Etter dialog med representantar for rektorgruppa på Voss vart kyrkja og skulen samde om å prøva ei julesamling før jul i staden for skulegudstenesta.

Det vart laga eit rammeverk for julesamlinga. Rammeverket gav det faglege innhaldet og var tufta på læreplanen i KRLE-faget.

Dette faget har to føresetnader; «I undervisningen skal det ikke være forkynnelse eller religionsutøvelse». (Føremål til KRLE-faget)

Undervisninga skal leggjast opp slik at det ikkje vert trong for å søkje fritak. Det er likevel mogeleg å søkje fritak frå ein skilde undervisningmetodar.

Rammeverket vart kjent for skulane og opplegget for samlingane vart utarbeidd i samarbeid med den ein skilde skulen. Det kunne såleis verta noko ulikt.

Erfaringane til kyrkja sine representantar som leia samlingane er i stor grad gode, men det er sider ved samlingane som bør drøftast. Tilbakemeldingane er delte.

Julesamlingane:

- Alle skulane i Voss var med på julesamlingar. Tidlegare har fleire skular vald å ikkje vera med på skulegudstenester. Det har aldri vore fleire skuleborn i kyrkja før jul.
- Innhaldet i den kristne jula var med ved at juleevangeliet vart lest og julesongar vart sunge.
- Liturgiske tekstar var presenterte i samsvar med KRLE-faget og barna vart kjende med samanhengen desse tekstane står i. Det vart såleis undervist om trusvedkjenninga, Fader Vår, Gloria og velsigninga.
- Gjennom orgelet vart borna kjende med kyrkjemusikken.
- Lærarane fekk gjennom julesamlinga stoff som dei kan arbeida vidare med i KRLE-faget. Her kan også kyrkja sine tilsette ta del i eit kyrkje-skule samarbeid.
- Dei som leia samlingane kunne undervisa i tråd med læreplanene for KRLE.
- Då julesamlinga var ein del av KRLE-undervisninga måtte dei som fekk fritak frå julesamlinga ha same undervisninga på skulen. Skulane fekk tilsend PowerPoint bileta som skulle brukast i julesamlinga til dette føremålet.
- Barna fekk møta tilsette i kyrkja.

Det er likevel spørsmål som bør drøftast.

Forkynning.

Det skal ikkje vera forkynning i KRLE-faget. I staden for preike vart det lagt opp til ein såkalla refleksjon. I læreplanen heiter det; born skal læra å samtale og drøfte. Refleksjonen stod i samheng med dette. I julesamlingane vart dette løyst noko ulikt av dei ulike leiarane frå kyrkja. Sidan skulen skulle starte med ZERO-veke – ei veke med tema mot mobbing, valde nokre å knytte sin refleksjon til dette. Det er eit viktig tema og kyrkja gjer vel i å støtta skulen i arbeidet mot mobbing.

På eit vis kan dette kallast forkynning. Det er forkynning av gode levereglar som skule og kyrkja kan samlast om. Innhaldet i kyrkja si forkynning er likevel noko anna; det er evangeliet. I jula er det

bodskapen om at Gud sende son sin til verda. «I dag er det fødd dykk ein frelsar». Her måtte leiarane halde att. Vi kan ikkje forkynne evangeliet.

Deltaking.

I julesamlinga var det lagt opp til salmesong. Dette vart ikkje problematisert. Elevane skal kjenne til kristne salmetradisjonar. Det er vanskeleg å trekkja grensegangen mellom deltaking i julesamling og religionsutøving. (Det siste skal det ikkje vera).

Fritaksrett.

I brev frå fylkesmannen til Voss kommune vart det slått fast at foreldra kan be om fritak frå julesamlingane.

Skulegudsteneste

Skulegudsteneste før jul har lange tradisjonar. Utdanningsdirektoratet har vedtatt at skolen kan gjennomføre gudstenester som en del av sin generelle kultur- og tradisjonsformidling. Udir har også gitt nokre «viktige forutsetninger for gjennomføringer». I Voss kommune er alle desse føresetnadene teke omsyn til.

Mange av punkta under [julesamling](#) kan også seiast om skulegudstenester.

Konklusjon

Kva får vi ved julesamlingar som vi ikkje får ved skulegudstenester?

- Alle skolane er med.
- Lærarar som vi har snakka med opplevde at dei kunne gå god for opplegget som undervisning.
- Vi fekk eit felles program; også for dei som har fritak. Lettare for lærarane å førebu deltaking i samlingane i klassane.
- Lettare for lærarane å førebu deltaking i samlingane i klassane. (Fordi alle har hatt same programmet enten i kyrkja eller på skulen)
- Lettare for lærarane å følgje opp samlinga i undervisninga – i etterkant.
- Vår oppfatning er at mange ikkje opplevde ein stor skilnad frå å delta på skulegudsteneste

Kva får vi ved skulegudsteneste som vi ikkje får ved julesamling?

- Vi kan forkynna evangeliet – Guds gåve.
- Vi slepp dilemma med forkynning og deltaking.
- Vi slepp orda fri og feirar gudsteneste i staden for å undervisa om gudsteneste.

Kva mister vi ved julesamlingar som vi får ved skulegudstenester?

- Vi mister deltaking i lovsong og bøn. Kven lærer dei om bøn?
- Dei lærer ikkje å stå under Velsigninga og Truvedkjenninga.
- Vi mister forkynninga om at Jesus er Guds son som vart gjeven til oss og ender opp med etisk rettleiing.
- Julesamlingane vart av nokon opplevd som meir teoretiske med forklaringar til alle ledd.

Note om fritak

Elevane får fritak etter gjeldande reglar. Det vart først bestemt at det ikkje skulle gjevast fritak til julesamlingane. To dagar før første julesamling kom det kontrabeskjed frå fylkesmannen. Vi stiller oss spørjande til korleis dette blir framover; om like mange vil be om fritak frå julesamling som frå skulegudsteneste. Sjølv om fleire ber om fritak i framtida, oppnådde vi no at alle skulane deltok på julesamlingane. Dei siste åra har 3 skular ikkje vore med på skulegudstenestene.

Uttale

Vi vil då be sokneråda om å drøfta og gje uttale om følgjande:

- Skal vi halde fram med julesamlinga og utvikla desse vidare?
- Skal vi gå tilbake til skulegudsteneste?